

Fra: Joachim Holmøyvik <joachim.holmoyvik@statsforvalteren.no>

Sendt: 24.07.2023 13:54:48

Til: Postmottak Kvinnherad kommune <post@kvinnherad.kommune.no>, Postmottak Vaksdal <post@vaksdal.kommune.no>, Postmottak Modalen <postmottak@modalen.kommune.no>, Post Masfjorden kommune <Post@masfjorden.kommune.no>, Fjaler kommune <post@fjaler.kommune.no>

Kopi: Tore Henrik Øye <tore.henrik.oye@vaksdal.kommune.no>, Tone Selmer Skuggevik <Tone.Skuggevik@modalen.kommune.no>, Ottar Myrtveit <Ottar.Myrtveit@masfjorden.kommune.no>, Connie Hovland <Connie.Hovland@fjaler.kommune.no>, Egil Eide <egil.eide@kvinnherad.kommune.no>, Hegna, Kjell <kjell.hegna@statsforvalteren.no>, Orheim, Eline <eline.orheim@statsforvalteren.no>

Emne: Kommunerapportering kalkdoserarøkonomi innan 23. august

Til kommunar i Vestland fylke med avtale om drift av kalkdoserarar

Statsforvaltaren i Vestland får tildelt pengar til drift av kalkdoserarane i Vestland fylke frå Miljødirektoratet to gonger i året.

Det er desse midlane vi mellom anna overfører til dykk i kommunane. I 2023 skal Statsforvaltaren innan 1. september rapportere til Miljødirektoratet om trongen for pengar til å drifte kalkdoserarane i fylket ut året. Samstundes må vi rapportere om forbruket fram til 1. august.

For å lage dette oversynet, må vi ha tal frå kommunane. Eg har lagt ved skjema som Fjaler (Flekk-Guddal), Masfjorden (Frøyset), Modalen (Modalselva), Vaksdal (Ekso) og Kvinnherad (Uskedalselva) kommunar må fylla ut og returnere til oss innan onsdag 23. august 2023.

Hugs at dette berre er eit oversyn til bruk for planlegging av bruk av midlar. Det er difor ikkje naudsynt å vere 100% nøyaktig. Hugs og at det er viktig å varsle om dyre reparasjonar og investeringar som ein eventuelt må gjere no i haust.

Ta kontakt om de har spørsmål i saka.

Skjemaet skal de sende med e-post til sfvipost@statsforvalteren.no, merka 23/15-JBS, med kopi til joachim.holmoyvik@statsforvalteren.no

Med venleg helsing
Joachim Holmøyvik
seniorrådgjevar



Statsforvaltaren i Vestland

Telefon: 57 64 31 45

E-post: joachim.holmoyvik@statsforvalteren.no

Web: www.statsforvaltaren.no/vl